

Norsk Grønnkraft AS
Pb 5211 Majorstuen
0303 OSLO

Vår dato: **12 MAR 2014**

Vår ref.: 201208183-2 ksk/bth

Arkiv: 312/104.B2

Dykkar dato: 18.12.12

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Brit Torill Haugen

22 95 90 89

Norsk Grønnkraft – Søknad om løyve til bygging av Vikeelva kraftverk i Vikeelva i Nesset kommune, Møre og Romsdal – NVE sitt vedtak

NVE har vedteke å avslå søknaden om løyve til bygging av Vikeelva kraftverk. Kraftverket ville nytte eit fall på 620 m med inntak på kote 660 og kraftstasjon på kote 40. Det meste av prosjektet er planlagt innanfor vernegrensa til Eikesdalsvatnet landskapsvernområde, og NVE meiner at ei utbygging strir mot verneverdiane. Søknaden blir dermed avslått utan vidare sakshandsaming.

Bakgrunn/planlagt utbygging

Den 18.12.2012 mottok NVE ein søknad fra Norsk Grønnkraft AS om løyve etter vannressurslova § 8 til å byggje Vikeelva kraftverk. Kraftverket er planlagt med inntak på kote 660 og skal nytte eit fall på brutto 620 m med kraftstasjon på kote 40.

Det er søkt om å byggje ein betongdam som skal vera om lag 15 m lang og 3 meter høg. Det vil også bli etablert eit inntaksbasseng på ca. 1000 m². Frå inntaksdammen skal det leggjast rør i sprengt grøft over ein strekning på 30 m bort til boreholet. Vassvegen skal vera røyrgate i tunnel med ei lengde på 650 m og bora tunnel på 900 m. Det kan vera aktuelt med nedgraven røyrgate dei siste metrane inn til kraftstasjonen.

Planlagt installert turbineffekt i kraftverket er 5,3 MW og dette skal gje ein produksjon på 23,4 GWh i eit middels år. Middelvassføringa er utrekna til å vera 980 l/s og det er søkt om ei maks slukeevne 1000 l/s. Det er planlagt ei minstevassføring på 150 l/s for sommarsesongen og 30 l/s for vintersesongen. 5-persentilverdiane for høvesvis sommar og vinter er på 306 l/s og 59 l/s.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) si vurdering

NVEs vurdering er basert på informasjon frå utkast til konsesjonssøknad. Vi meiner vi har tilstrekkeleg informasjon til å fatte vedtak i saka.

Vikeelva kraftverk er tenkt lokalisert på nordaustsida av Eikesdalsvatnet i Nesset kommune. Kraftstasjonen er planlagt nedanfor fylkesveg 191, og vassvegen skal gå i austleg retning opp mot kote 660. Her skal det etablerast ein betongdam, ei sprengt grøft på 30 m, og eit inntaksmagasin på om lag

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

1000 m². Langs Vikeelva går det ein merka DNT-sti til Reinsvassbu. Rett ovanfor fylkesveg 191, om lag på kote 100, går grensa til Eikesdalsvatnet landskapsvernområde som vart verna i 2002. Det vil si at det meste av det omsøkte prosjektet ligg innanfor eit verna område og er omfatta av ei verneforskrift. Inntaket er planlagt 1,1 km inn i verneområdet, og tunnelboringa vil skje over ei strekning på meir enn 1 km.

Formålet med Eikesdalsvatnet landskapsvernområde er beskrive i forskrift om verneplan for Dovrefjell, vedlegg 5, vern av Eikesdalsvatnet:

«- ta vare på et egenartet og vakkert naturlandskap med innslag av kulturlandskap, med tilhørende dyre og planteliv, der kulturminner etter fangst, jordbruk eller beitebruk stedvis utgjør en del av landskapets egenart.

- Ta vare på variasjonen i naturen, frå høyyfjell med villrein til rike løvskogier langs Eikedalsvatnet.

- Ta vare på geologiske forekomster og landformer.»

I vernebestemmingane § 2 står fylgjande:

«Området er vernet mot alle tekniske inngrep eller tiltak som vesentlig kan endre eller virke inn på landskapets art eller karakter. Med de unntak som følger av forskriften pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar, anlegg og faste innretninger, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemninger, inngjerding av utmarksarealer, oppdyrking og beitekultivering, treslagskifte, drenering og annen form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av lufledninger, bergverksdrift og annen form for grave-, sprengnings- eller borearbeider, sprøyting med kjemiske midler, plassering av campingvogner og bobiler, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstier, forurensing og forsøpling.»

Eikesdalsvatnet landskapsvernområde er gjennom at det er verna vurdert til å ha svært høg verdi kva kjem til både naturlandskap, høgfjellsnatur, dyre- og planteliv. Det er i tillegg beskrive kva inngrep som reknast som ein trussel mot dei verdiane som er lagt til grunn for vernet. Av inngrepa som området er beskytta mot finn ein både vassdragsregulering, oppdemming, grave-, sprenging- eller borearbeid. Ei eventuell utbygging vil omfatte alle desse. Det vil si at ei utbygging som i søknaden om Vikeelva kraftverk strir direkte mot vernegrunnlaget.

I OED sine retningslinjer for små vasskraftverk er verna vassdrag og andre beskytta områder som for eksempel områder verna etter naturvernlova omtala. Her står det fylgjande:

”Innenfor de beskyttede områdene vil det være behov for ekstra årvåkenhet i forbindelse med planlegging og oppfølging av enkeltsaker. Generelt vil verdiene som ligger til grunn for at området er beskyttet blir prioritert foran utbyggingsinteresser.”

Det er ikkje lagt ved noko vedlegg i søknaden om fritak frå vernemyndigheitene om tilgang til å utføre ei utbygging i verneområdet.


NVE meiner at for kriteria i vassressurslova § 25; ”Konsesjon kan bare gis hvis fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørfeltet”, ikkje er oppfylt. NVE gjev ikkje løyve etter vassressurslova § 8 for bygging av Vikeelva kraftverk.

Slik NVE vurderer det så vil ei eventuell utbygging av Vikeelva vera av så stor ulempe for fleire av verdiane som er lagt til grunn for vernet at søknaden må avslåast utan meir sakshandsaming. Det fylgjer av vassressurslova §24, 2. ledd bokstav c, at NVE kan unnlate ei brei offentleg høyring i forkant av vedtak i einskilde tilfelle.

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet denne underretninga er kome fram, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Handwritten signature of Rune Flatby.
Rune Flatby
avdelingsdirektør

Handwritten signature of Øystein Grundt.
Øystein Grundt
seksjonssjef